

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 11/827-12993/11

Saksbeh.: Einar Hauge

Arkivkode: 232

Saksnr.:	Utval	Møtedato
77/11	Formannskap/ plan og økonomi	23.06.2011

SAMLA SAK - EIGEDOMSSKATT FOR KRAFTVERK HØYRINGSUTTALE

Administrasjonen si innstilling:

Voss kommune er vertskapskommunane for kraftproduksjon og ynskjer at ordninga med maksimum og minusverdi på krafproduksjonsanlegga vert avskaffa. Dette vil føre til at kommunen vil få noko høgare og stabile eiendomsskatteinntekter.

Voss kommune sluttar seg elles til LVK sine høyringsuttale av 07.06.2011

Formannskap/ plan og økonomi den 23.06.2011 sak 77/11

Behandling i møte:

Møtet kjende repr. E. Horvei ugild. (jfr. Forvaltningslova § 6, andre særegne tilhøve)

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Voss kommune er vertskapskommunane for kraftproduksjon og ynskjer at ordninga med maksimum og minusverdi på krafproduksjonsanlegga vert avskaffa. Dette vil føre til at kommunen vil få noko høgare og stabile eiendomsskatteinntekter.

Voss kommune sluttar seg elles til LVK sine høyringsuttale av 07.06.2011

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

* Brev frå Finansdep. 15.04.11 høring om eiendomskatten for kraftverk

* LVk sin høyringsuttale av 07.06.11

3. SAMANDRAG AV SAKA:

Finansdepartementet sendte i vår ut høringsnotat der de varsler endringar i maksimum- og minusreglane for eiendomskatt på kraftverk.

Høringsnotat kan vurderast å vere ei oppfylging av initiativ frå Landsamanslutning av Vassdragskommunar (LVK) som organiserar 173 vertskommunar for vannproduksjonsanlegg.

LVK har med bakgrunn i samrøystes LVK- landsmøtereresolusjon i 2009 krevd at særordningen med min- og maks. reglar for eiendomskatt vert fjerna. LVK meiner at maksimums- og minimumsgrensene skal opphevast fordi grensane gir utilsikta reduksjoner i kommunanes eiendomsskatteinntekter og fører til en utilsikta skattelette for de store kraftprodusentene. Videre peiker LVK på at en oppheving av maksimums- og minimumsreglene vil bedre kommuneøkonomien og føre til mer rettferdige skattereglar. Det er og vist til at dei aller fleste av kommunene som har inntekter fra kraftproduksjon er såkalte minsteinntektskommuner og at reglane gir "negativt" insentiv for lokal tilslutning til ny vannkraftutbygging i kommunane.

Finansdepartementet seier i sitt høringsnotat at dei hatt same målsetting som LVK kommunane med å auke eiendomsskatteinntektene for kraftproduksjonsvertskapskommunane.

LVK har vurdert framlegget og har påpekt at dei meiner staten burde lagt opp til heilt å fjerne ordninga med med maks- og min verdiar samstundes som kapitaliseringsrenta burde vært lagt på eit stabilt og langsiktig nivå. Samla sett ville desse endringane gjort skatteinntektene til kommunane høgare.

4. FAKTA OM SAKA:

LVK som er vasskraftkommunane sin interessorganisasjon har laga ei omfattande høringsuttale i saka. Administrasjonen syner til denne og viser spesielt til side 25 der eiendomskatten for vasskraftkommunane er synt tabellarisk og grafisk for ulike modellar.

5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING: